


deftere

'bok'

..... FULFULDE

Folk som har fått skriftkulturen sin gjennom islam og arabisk språk, har som regel lånt det arabiske ordet for 'bok', nemlig *kitāb* كتاب. Swahili har *kitabu*, hausa har *littafi* og kanuri har *kitáwu*, for å nemne tre afrikanske eksempler. Men det finst unnatak. På det vestafrikanske språket fulfulde heiter 'bok' *deftere*. Likevel er også dette eit lånord frå arabisk, der det heiter *daftar* دفتر og tyder 'hefte, notisbok'.




Nokre rekordar: Fulfulde – som i nokre dialektar også blir kalla pulaar og pular – blir snakka som førstespråk (morsmål) av minst 40 millionar menneske, særleg i Sahel, savannebeltet som strekkjer seg på tvers av Afrika sønnanfor Sahara. Fulfulde har den største geografiske utbreiinga av alle afrikanske språk sønnanfor Sahara. Dei einaste afrikanske språka som heilt sikkert har fleire morsmåltalarar enn fulfulde, er arabisk og hausa.

Fulfulde høyrer til den atlantiske greina av språkfamilien niger-kongo. Med sine 1400 språk har niger-kongo fleire språk enn nokon annan språkfamilie i verda – men indoeuropeisk og sino-tibetansk har fleire talarar. Berre ein tredel av *fulbe er* i dag storfenomadar, men dei er det største nomadiske gjetarfolket i verda. Fulfulde har forresten 20 grammatiske kjønn (genus) – også ein verdsrekord!

Éin pullo, fleire fulbe: Dei som snakkar fulfulde, kallar seg for *fulbe*, som er fleirtal av *pullo*. På fulfulde blir orda bøygd i begge endar. 'Kvinne' og 'mann' heiter *debbo* og *gorko*, og fleirtalsformene *rewbe* og *worbe* viser òg bøyging i begge endar. Lånordet *deftere* heiter *defte* i fleiral, med bøyging berre i enden.

Slektskap og historie: Fulfulde er nærast i slekt med seereer, som blir snakka i Senegal og Gambia. For tusen år sidan blei også fulfulde berre snakka i det noverande Senegal og Gambia, men fordi fulbe var storfenomadar, spreidde dei seg austover på leiting etter beitemarker, og enda opp etter nokre hundre år med den store geografiske utbreiinga dei no har. Alt på 1000-talet kom fulbe i kontakt med islam, først og fremst gjennom berberar frå Maghreb (Marokko og Algerie). Fulbe blei eitt av dei første muslimske afrikanske folkeslaga sør for Sahara, og i dag er 99 % av dei muslimar. Dei spelte ei sentral rolle i spreinga av islam i Vest-Afrika.



Meir etymologi: Men vi har ikkje fortalt heile historia om det arabiske ordet *daftar*. Også i arabisk er dette eit lånord, som via persisk *daftar* 'notisbok' og klassisk syrisk *dptr'* (med ukjende vokalar) 'pergament, rekneskapsbok' stammar frå klassisk gresk *diphthéra* (διφθέρα) 'dyrehud, lær, pergament'.

Frå gresk *diphthéra* har fransk laga sjukdomsnamnet *diphthérie*, til norsk lånt som *difteri*. Denne smittsame infeksjonssjukdommen har fått namnet sitt fordi det blir utvikla ei lèrvoren hinne på dei sjuke stadene.

Det greske *diphthéra* har eit usikkert opphav, og det ser ut til å mangle etymologiske motsvar i andre indoeuropeiske språk. Nokre forskarar meiner *diph* i *diphthéra* er eit lån med opphav i det sumeriske ordet for ei leirtavle – *dub* 𒅗𒍪.



Rolf Theil, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, UiO

Ordfestivalen



UNIVERSITETET I OSLO